**Referat frå årsmøtet i Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen**
**Tid:** 22. ~~oktober~~ november 2009, kl 10 00 – 15.00
**Stad:** First Ambassadeur Hotell, Drammen

---

**Sak 1** **Val av møteleiar, protokollunderskrivar og referentar**

***Vedtak:*** *Møteleiarar; Arnfinn Bjerkestrand og Randi Skeie*
*Referentar: Lener Furuli og Magnar Sundt*
*Protokollunderskrivarar: Ole Refsahl, Randi Rust, Jon Aarekol*

**Sak 2** **Namneopprop**
Oppropet viste 89 representantar med stemmerett.
- 76 frå medlemslag
- 10 utøvarrepresentantar
- 3 frå AU

**Sak 3** **Prinsipprogram**
Nils Øyvind Bergset la fram forslaget til prinsipprogram frå styra i LfS og NFD.

***Vedtak:*** *Årsmøtet vedtek prinsipprogrammet slik det ligg føre.*

**Sak 4** **Arbeidsprogram 2010**
Åshild Vetrhus la fram forslaget til arbeidsprogram frå styra i LfS og NFD.

Munnlege og skriftlege innlegg blei oversendt styret.

***Vedtak:*** *Årsmøtet vedtek arbeidsprogrammet slik det ligg føre.*

**Sak 5** **Fastsetjing av medlemspengar for 2010**

***Vedtak:***

| | |
|---|---|
| *Medlemskontingent for vaksne:* | *kr 180* |
| *Medlemskontingent for barn:* | *kr 70* |
| *Lagskontingent:* | *kr 500* |

**Sak 6** **Budsjett 2010**
Forslag til budsjett framlagt av styra i LfS og NFD. Nils Øyvind Bergset presenterte forslaget.

***Vedtak:*** *Årsmøtet vedtek budsjettet for 2010 slik det ligg føre.*

**Sak 7** **Oppnemning av revisor**

***Vedtak:*** *BDO Noraudit oppnemnas som revisor for Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen for 2010.*

**Sak 8** **Val**

Valkomiteen har vore: Jorun Marie Kvernberg, Jon Ellingsen, Arnfinn Bjerkestrand, Tarjei Haugen. Komiteen er sett saman av leiarane av LfS og NFD sine eksisterande valkomitear og ein utgåande styremedlem frå kvar organisasjon.

Valkomiteen v/Arnfinn Bjerkestrand la fram slikt forslag:

| | | |
|---|---|---|
| Styreleiar | Maria Høgetveit Berg | vald for 1 år |
| Nestleiar | Nils Øyvind Bergset | vald for 1 år |
| Nestleiar | Åshild Vetrhus | vald for 1 år |
| Styremedlem | Solbjørg Tveiten | vald for 1 år |
| Styremedlem | Sigurd Johan Heide | vald for 1 år |

| | | |
|---|---|---|
| Styremedlem | Aslak O Brimi | vald for 2 år |
| Styremedlem | Tor Stallvik | vald for 2 år |
| | | |
| 1. varamedlem | Torunn Raftevold Rue | vald for 1 år |
| 2. varamedlem | Marte Frihetsli | vald for 1 år |
| 3. varamedlem | Dag Hovda Sture | vald for 1 år |
| | | |
| Valkomité: | Trond-Ole Haug | vald for 1 år |
| | Terje Foshaug | vald for 2 år |
| | Synnøve S Bjørset | vald for 3 år |

Pål Anders T Sveen la fram forslag på Randi Rust som styreleiar.

***Vedtak:***

| | | | |
|---|---|---|---|
| *Styreleiar* | *Maria Høgetveit Berg* | *vald for 1 år* | *med 42 mot 22 stemmer* |
| | | | |
| *Nestleiar* | *Nils Øyvind Bergset* | *vald for 1 år* | *vald med akklamasjon* |
| *Nestleiar* | *Åshild Vetrhus* | *vald for 1 år* | *vald med akklamasjon* |
| *Styremedlem* | *Solbjørg Tveiten* | *vald for 1 år* | *vald med akklamasjon* |
| *Styremedlem* | *Sigurd Johan Heide* | *vald for 1 år* | *vald med akklamasjon* |
| | | | |
| *Styremedlem* | *Aslak O Brimi* | *vald for 2 år* | *vald med akklamasjon* |
| *Styremedlem* | *Tor Stallvik* | *vald for 2 år* | *vald med akklamasjon* |
| | | | |
| *1. varamedlem* | *Torunn Raftevold Rue* | *vald for 1 år* | *vald med akklamasjon* |
| *2. varamedlem* | *Marte Frihetsli* | *vald for 1 år* | *vald med akklamasjon* |
| *3. varamedlem* | *Dag Hovda Sture* | *vald for 1 år* | *vald med akklamasjon* |
| | | | |
| *Valkomité:* | *Trond-Ole Haug* | *vald for 1 år* | *vald med akklamasjon* |
| | *Terje Foshaug* | *vald for 2 år* | *vald med akklamasjon* |
| | *Synnøve S Bjørset* | *vald for 3 år* | *vald med akklamasjon* |

**Sak 9 Protokollar**

**Protokollar 1 – 8 lagt fram av styra i LfS og NFD:**

Protokoll 1
I ein interimsperiode på 2 år skal varamedlemmer innkallast på alle styremøta med stemmerett.

Protokoll 2
Tidligare utnemnde heidersmedlemmer og ektefellar skal behalde sine rettar til dei går bort.

Protokoll 3
Styret i organisasjonen har ansvar for å gjennomføre prosessen med val av utsendingar til årsmøtet frå gruppa av yrkesutøvarar. Styret skal sørgje for at dei som tilhøyrer denne gruppa vert registrert og om naudsynt setja opp eit arbeidsutval for gruppa. Styret skal også sørgje for at det vert gjort ei vurdering om det er naudsynt å danne eit særlag for denne gruppa.

Protokoll 4
Styret skal vurdere om institusjonar som til dømes festivalar, arrangørar og andre kan takast opp som medlemmer i organisasjonen. Ein skal også vurdere om korleis utsendingar herfrå kan utnemnast og kva slag vekt dei eventuelt kan ha på årsmøtet og i vedtektene.

Protokoll 5
Landslaget for Spelemenn og Norsk Folkemusikk og Danselag fører separate rekneskap ut 2009. Rekneskap for Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg førast frå 1/1-2010.

Protokoll 6
Styret skal vurdere om ein i framtida treng ein lagskontingent og om ein i staden bør auke medlemspengane for å dekke bortfallet av inntekter.

Protokoll 7
Styret skal vurdere dei tilsetje sin representasjon i styret.

Protokoll 8
Styret skal vurdere særlaga sin posisjon i vedtektene og om endringar bør gjerast for å gjera det enklare for dei å melde seg inn i organisasjonen.

**Vedtak:** *Årsmøtet vidaresender desse protokollane til styret til vidare behandling.*

**Andre skriftlege protokollar fremma under årsmøtet:**

Protokoll 9
Fremma av Tor Stallvik:
Årsmøtet i Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg bør flyttast til mars månad, gjeldande frå 2011

Protokoll 10
Fremma av Hallvard T Bjørgum:
Årsmøtet vel ei nemnd på 4 medlemmer med bakgrunn i organisasjonsutvikling som skal gjennomgå organisasjonsstruktur og arbeidsmåtar med sikte på å spisse organisasjonen mot å vera effektiv og resultatorientert i utetterretta verksemd. Medlemane har funksjonstid på 2 år. Valnemnda i organisasjonen legg fram aktuelle kandidatar. For 2010 veljast 2 for eitt år og 2 for 2 år.

**Vedtak:** *Årsmøtet vidaresender desse protokollane til styret til vidare behandling. I tillegg ber årsmøtet styret ta med seg og vurdere dei munnlege innspela til endringar som var fremma i debatten under sak 9.*

I tillegg vart følgjande sak fremma som protokoll, men vart gjort om til ei sak til realitetsbehandling:

**Sak om tilsynsnemnd.**
Forslag frå ekstraordinært årsmøtet i Norsk Folkemusikk og Danselag om endring av vedtektene:
Årsmøtet vel ei tilsynsnemnd på 3 personar som har som hovudoppgåve å sjå til at arbeidet i styret og i andre organ i organisasjonen er i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande verdigrunnlag og arbeidsprogram. Tilsynsutvalet har rolle som kulturpolitisk internrevisjon og skal rapportere avvik til styret undervegs i perioden, og til årsmøtet gjennom ein årleg tilsynsrapport.

AU v/Åshild Vetrhus fremma slikt forslag:
Årsmøtet ber om at det blir nedsett ei tilsynsnemnd for eitt år - 2010.

**Vedtak:** *Årsmøtet vel ei tilsynsnemnd på 3 personar som har som hovudoppgåve å sjå til at arbeidet i styret og i andre organ i organisasjonen er i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande verdigrunnlag og arbeidsprogram. Tilsynsutvalet har rolle som kulturpolitisk internrevisjon og skal rapportere avvik til styret undervegs i perioden, og til årsmøtet gjennom ein årleg tilsynsrapport.*

*Forslaget vedteke med 33 mot 26 stemmer.*

*Følgjande tilsynsnemnd vart vald med akklamasjon; Jan Lislien, Bjørn Lien, Anne Hytta*

Randi Rust
protokollførar

Jon Aarekol
protokollførar

Ole Refsahl
protokollførar

Magnar Sundt
referent

Lene Furuli
referent